



Notat

Dato: 16.12.2014
Arkivsak: 2014/24479-1
Saksbehandlar: milbert

Til: Opplærings- og helseutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

Budsjettmødell - inntakssystem - psykisk helse - tillit til lærarane - oversendingsforslag i fylkestinget

I samband med fylkestinget si behandling av sak 75/14 "årsbudsjett 2015/økonomiplan 2015-2018", den 09.12.2014, sette **Rasmus Laupsa Rasmussen** på vegner av A fram slikt oversendingsforslag til opplærings- og helseutvalet:

"A) Ny budsjettmødell og bærekraftig finansiering

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmødellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på marknadsprinsipp, men som har til føremål å sikre fornuftig og bærekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølv får koma med sine innspel og at dei negative konsekvensane av dagens budsjettmødell vert synleggjort. I Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag vert det føreslege å kutta 38 millionar i ramma til opplæring fordi elevtalet blir lågare for 2015 enn det var for 2014. Det er eit kutt som vil få dramatiske konsekvensar for skulane våre. Difor vel vi å ta heile kuttet inn att i budsjettet. Kortsiktig statistiske endringar og marknadsprinsipp skal ikkje vera avgjerande for drifta av dei vidaregåande skulane i Hordaland.

B) Nytt inntakssystem

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak om nytt inntakssystem i Hordaland. Karakterar skal ikkje åleine avgjere kva skule en har moglegheit til å gå på. Saka skal syne korleis dagens inntakssystem påverkar elevane sitt reisemønster, og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmødell kan bidra til ein meir fornuftig og bærekraftig skulestruktur i Hordaland. Eit bærende prinsipp i det nye inntakssystemet skal vere at elevane har rett til å gå på nærmeste skule som tilbyr ønskt studieretning.

C) Psykisk helse

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidningar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstiller krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetje skulepsykologar i dei vidaregåande skulene i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart

som mogleg fremje ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

D) Tillitt til lærarane

Lærarane er vår viktigaste ressurs i skulen, og vi ønskjer å frigje meir tid slik at dei kan konseentrere seg om si viktigaste oppgåve, som er undervisning av elevane. Difor vedtek fylkestinget at fylkesrådmannen skal fremje en sak om avbyråkratiserande tiltak i den vidaregåande skulen i Hordaland. Fylkestinget vedtek og at ordninga med anonym retting av prøva vert avskaffa."

Rasmussen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.